



**Vågsbygd Seilforening
Styret**

Samandrag frå styremøte 04.12.2019 2000-2115

Til stades: Geir Tufteland, Jesper Magnussen, Ronny Rognhaugen, Ole Inge Pettersen, Bjørn Einar Jensen (Skype), Carl Erik Moe (2040)

Fråverande: Gunnar Amtedal

Sak	Tiltak	Ansvar	Milepæl
19-12-0	Faste postar a) Innkomen post/e-post; søppeltømming av Franzefoss kostar oss om lag 1500 kr. i månaden. Husstyret bør vurdere avtalen. Eigen dunk for glass/metall? b) Referat frå førre styremøte; punkt 19-11-2: siste del utgår c) Rekneskap; ikkje sak på dette møtet	Ole Inge	
19-12-1	Organisering Ronny tek over som sekretær/skrivar etter Erik Børresen som har trekt seg frå styret.		
19-12-2	Lovendring NIF VSF har motteke eige skriv datert 22/11-2019. Ny lovnorm må innarbeidast av alle idrettslag frå 1/1-2020. Våre lovar vart sist oppdatert på årsmøtet 11/3-2015. Geir fullfører jobben med å tilpassa teksten til VSF. Utkastet sendast på høyring i styret før publisering på heimesida.	Geir	31/12
19-12-3	Flødeseilasen og Bredalsholmen maritime dag (BMD) Flødekomiteen (Nils/Børge/Ole Stian) svarte 2/12 på styret sine spørsmål. Komiteen meiner dei bør halda fram med same opplegg som i 2019 og er tydeleg på at arrangementet ikkje bør delast på to helger. Lillesand har ingen innvendingar mot målgang på Bredalsholmen. Dato er satt til laurdag 13. juni 2020. Styret takkar komiteen for innstillinga og godtek deira opplegg for arrangementet. Samstundes ber me dei vurdere ei deling laurdag (regatta) og sundag (BMD).	Geir	10/12
19-12-4	Kurs Styret lagar ein kursplan som det nye styret kan ta stilling til etter årsmøtet. Bør innehalda to kurs for vaksne (innføring/regatta) med oppstart før 17. mai. Kurs for born/unge og kvinner vurderast etter interesse. Styret vurderer om «Seilingens dag» kan inngå i BMD eller vera eit sjølvstendig arrangement i månadsskiftet august/september. Eige sak på nest styremøte.		
19-12-5	Arbeidsprosess og kommunikasjon i styret Unngå ordskifte på e-post. Er det usemje ta heller ein telefon. Uklære vedtak utsetjast til neste styremøte.		
19-12-6	Støtte Calle kontaktar Hennig-Olsen på vegne av styret om ein avtale for 2020. Han purrar òg Carlsen-Fritzøe for betaling (10.000). Gunnar og Geir skal ha møte med Gumpen i neste veke.	Carl Erik	

Jesper måtte gå 2115 og styremøtet vart avslutta då. Resten av sakslista utsetjast til neste møte 13/1.

Ronny Rognhaugen, *skrivar*.